



**Fræna kommune**

**Rådmann**

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

## Melding om vedtak

**Dykkar ref:**

**Vår ref**  
2016/1086-3

**Saksbehandlar**  
Geir Tore Vestad

**Dato**  
15.06.2016

### Nasjonal Transportplan 2018 - 2029 - høringsuttale fra Fræna kommune

Høringsuttalelse til "Grunnlagsdokument for Nasjonal transportplan 2018 - 2029" ble behandlet i Fræna kommunestyre sitt møte 13. juni 2016 som sak 77/2016. Vedlagt følger sakspapirene med vedtak i saken.

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen håndskrevet signatur*

Med vennlig hilsen

Geir Tore Vestad  
Næringskonsulent

Kopi til:

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Postboks 2500	6404	MOLDE
Romsdal Regionråd	Torget 4	6413	MOLDE
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUN D

---

**Postadresse**

Fræna kommuneTingplassen 1, 6440  
Elnesvågen

**E-post:**

postmottak@frana.kommune.no

**Besøksadresse**

KommunehusetRådhuset

www.frana.kommune.no

**Telefon**

712 68  
10071268100

**Telefaks**

712 68  
19971268190

**Bank**

86014236300

**Org.nr**

845241112



## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune	52/2016	13.06.2016
Kommunestyret i Fræna kommune	77/2016	13.06.2016

## Nasjonal Transportplan 2018 - 2029 - høringsuttale fra Fræna kommune

### Vedlegg

- 1 Nasjonal Transportplan 2018 - 2029 - saksframlegg frå Møre og Romsdal fylkeskommune
- 2 Nasjonal Transportplan 2018 - 2029 - protokoll frå Samferdselsutvalet
- 3 Nasjonal Transportplan 2018 - 2029 - høringsuttale fra ROR
- 4 Nasjonal Transportplan 2018 - 2029 - uttale fra bedrifter i Møre og Romsdal

### Saksopplysningar

Kystverket, Statens vegvesen, Jernbaneverket og Avinor sitt felles grunnlagsdokument for Nasjonal Transportplan 2018 – 2029 (NTP) vart overlevert Samferdselsdepartementet den 29.februar. Parallelt med overleveringa vart grunnlaget til NTP 2018 -2029 sendt på høyring til fylkeskommunane, dei fire største byane og andre som ønsker det. Høyringsfristen er satt til 1.juli 2016.

Nasjonal transportplan vert revidert kvart fjerde år og er eit strategisk dokument som i **første rekke gjeld statleg infrastruktur**. I tillegg vert behov i det fylkeskommunale transportsystemet synleggjort på eit overordna nivå i grunnlagsdokumentet.

Arbeidet med grunnlaget til Nasjonal Transportplan 2018 -2029 er delt inn i to fasar: analyse- og strategifasen og planfasen. Transportetatane og Avinor presenterte ein analyse- og strategirapport i februar 2015. I grunnlagsdokumentet som no er på høyring vert resultatet av arbeidet i planfasen presentert.

Samferdselsdepartementet vil ut i frå grunnlagsdokumentet og innkomne høyringsfråsegn utarbeide stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan. Denne vil truleg bli lagt fram våren 2017. Når Nasjonal transportplan er ferdig, utarbeider Avinor og transportetatane kvart sitt handlingsprogram for de fire første åra av planperioden.

Handlingsprogramma er gjennomføringsplaner for Nasjonal transportplan og vert lagt til grunn ved dei årlege budsjettforslaga.

### **Regional transportplan**

Møre og Romsdal fylkeskommune har i samarbeid med Trøndelagsfylka utarbeida Regional Transportplan som felles innspel til NTP-prosessen. Planen vart behandla i fylkestinget 7. desember 2015 og vil bli lagt fram for fylkesutvalet for endeleg godkjenning i juni. Fylkeskommunane har i fellesskap komme fram til tre hovudsatsingar i RTP:

- Auka økonomisk ramme til fylkeskommunen for betre behovsdekking innan samferdselsformål
- Statlege tiltak som styrker og utvidar felles bo- og arbeidsmarknader
- Overgangen til lågutsleppssamfunn.

### **Vurdering**

#### **VEGTILTAK:**

Det ikkje er Riks- eller Europavegar i Fræna, men vi vil i denne uttalen legge vekt på viktige prosjekt i regionen som har størst verknad for Fræna kommune og vidare at rammevilkåra for at fylkeskommunen skal kunne ivareta sin del av samferdselsområdet vert betra.

#### **E39 Lønset - Hjelset**

Ny vegtrase på strekninga Lønset – Hjelset er eit av prosjekta som var prioritert i NTP 2014 – 2023, men som ikkje er med i nokon av rangeringane no. Nytt sjukehus for Nordmøre og Romsdal er vedtatt bygd på Hjelset og skal etter planen stå ferdig i 2021. Dagens trasé mellom Lønset og Hjelset er både trafikkfarleg og overbelasta delar av døgnet. Årsdøgn trafikken er på rundt 6000 og det er forventa 50 prosent auke etter at fellessjukehuset opnar. Strekninga har totalt 90 avkjørsler, mange utan tilstrekkeleg sikt. I tillegg er vegen smal, og delar av strekninga har ikkje gulstripe. Mange stader er vegskuldra så dårleg at den ikkje vil tåle belastninga frå tungebilar som skal sleppe forbi utrykkingskøyretøy. Behovet for nye vegtrasé på strekninga Lønset – Hjelset er altså stort. Dagens trase er trafikkfarleg og allereie overbelasta. Det er ikkje mogleg at denne traseen kan ta unna trafikkveksten det nye sjukehuset vil generere.

Fræna kommune legg til grunn at strekninga E39 Lønset – Hjelset igjen blir prioritert i NTP 2018 -2029. For å sikre tidleg gjennomføring ber vi om naudsynt om at prosjektet vert vurdert for delvis bompengefinansiering.

#### **Fylkesvegnettet**

Fylkesvegane er viktige tilførselsårar for både næringstransport og persontransport i regionane, samt som koplingar til riksvegane for langdistanse gods- og persontransport. Trafikken på fylkesvegnettet er betydeleg, og utgjør om lag 35 prosent av samla transportarbeid på vegnettet. Mange fylkesveger er bygd for ein anna funksjon og trafikkmengde enn det er i dag, og det er eit stort investeringsbehov på mange fylkesvegar for å få dei oppgradert til å dekke behova. Etterslep i vedlikehald og auka drifts- og vedlikehaldskostnader som følgje av endra klima krev også auka ressursar i åra

som kjem.

Vidare er det stort behov for fleire midlar til tyngre satsing på å bygge ut samanhengande gang- og sykkelvegnett.

Transportetatane trekk i plangrunnlaget fram utfordringar knytt til forfall på fylkesvegnettet og det vert erkjent at rammene til samferdsel er for tronge for at fylkeskommunen kan delta i eit heilt nødvendig samferdselsløft. Kostnaden knytt til utbetring av kritisk infrastruktur som tunnelar, bruer og ferjekaier er så omfattande at transportetatane meiner det bør vurderast eit eige program for fornying av fylkesveger.

Møre og Romsdal er mellom dei fylka med størst etterslep på fylkesvegnettet, spesielt innanfor tunnelar, bruer og ferjekaier. Forfallet som har kome fram er så omfattande og alvorleg at dei økonomiske overføringane må aukast vesentleg.

Fræna kommune understrekar behovet for auka løyvingar til utbetring og vedlikehald av fylkesvegnettet og støttar transportetatane sitt forslag om eit eige program for fornying av fylkesveger.

### **God og tidsmessig vegar ut og inn av regionen**

Det er svært viktig for Fræna og regionen med gode, raske og tidsmessig vegar inn og ut av regionen. Dette er sær viktig både for næringslivet og for å skape nye og effektivisere bu- og arbeidsmarknadsregionar. I særleg grad gjeld dette E39 gjennom vår region og fv. 64 Molde-Åndalsnes og vidare E136 gjennom Romsdalen.

### **Omklassifisering av fv. 64 Molde – Åndalsnes til riksveg**

Transportetatane har i plangrunnlaget foreslått omklassifisering av enkelte fylkesvegstrekningar til riksveg. Forslaget til overføring tar utgangspunkt i veger med stor næringstransport. I Møre og Romsdal er fv. 64 Molde – Åndalsnes foreslått omklassifisert til riksveg. Fræna kommune støttar denne omklassifiseringa og meiner at standarden og framkome på denne strekninga må vesentleg betrast. Dette må innebere fleire ferjer over Langfjorden og vesentleg utbetring av vegstandarden i planperioden.

### **E136 Romsdalen**

Neste etappe på vegen mot Austlandet; E136 gjennom Romsdalen, er hovudtransportåra inn og ut av fylket og er den mest trafikkerte aust – vest overgangen i landet, både i tal bilar og tal tunge køyretøy. Dette er ein sær viktig eksportveg for næringslivet i store delar av fylket, noko som viser seg i den høge delen av tunge køyretøy på strekninga, - i 2015 var denne på 27 prosent. Strekninga er prega av bratt stigning, smal veg og fleire flaskehalsar (mellom anna jernbaneundergangar). Store køyretøy har problem med å halde farta opp i dei bratte stigningane og det er ikkje mogleg å køyre forbi på ein sikker måte. Om vinteren gjer kombinasjonen av både bratt stigning og krappe kurver at store køyretøy kan ha problem med å komme seg opp bakkane. Utbetring av E136 Romsdalen vil auke både framkome og trafiksikkerheit monaleg.

Fræna kommune legg til grunn at E136 Romsdalen vert prioritert i NTP 2018 – 2029.

### **Ferjefri og utbetra E39: Ålesund - Molde**

Ferjefri E39 på Vestlandet er omhandla som ein eigen delrapport under NTP 2018-2029. Utbygging av strekninga mellom Ålesund og Molde vil gi kortare reisetid mellom byane i Møre og Romsdal og føre til ein større og samanhengande bu- og arbeidsregion.

Innovative næringsklynger er Møre og Romsdal sitt viktigaste konkurransefortrinn og tettare samanbinding av denne frå før svært sterke næringsregionen vil ha svært til stor samfunnsnytte. Det har vore gjort fleire utgreiingar om kva for potensial ein utbetra og ferjefri E39 vil ha for samfunnet utover reine nytte kost analysar. Dette er knytt både til bu- og arbeidsmarknadseffektar, samfunnsstrukturar, endringar i transportmønster og effektar for næringsliv og verdiskaping. Felles for alle utgreiingane er at det vert tydelige positive samfunns-effektar som ikkje er inkludert i dei samfunnsøkonomiske analysane som transportetatane brukar. Utgreiingane viser at utbygging av E39 vil ha store effektar både for dei fylka der vegen faktisk går, men også for landet elles.

Fræna kommune ser det som viktig at E39 Ålesund – Molde vert realisert innanfor NTP 2018-2029. Dersom finansieringa ikkje tillèt utbygging av heile strekninga med full 4-feltstandard, legg vi til grunn at etappe 1 i utbygginga bør vere ferjefri kryssing av Romsdalsfjorden; strekninga Vik – Julbøen (Møreaksen). Dette er eit av prosjekta som er komme lengst i planlegginga og vil vere klar til byggestart innan få år.

### **HAMNETILTAK:**

Ved handsaminga av Nasjonal Transportplan i 2010 søkte Fræna kommune om utbetring av fisterihamna i Harøysund m.a. med utdjuping av innseglinga til hamna. Søknaden til Kystverket datert 28.09.2010 hadde følgjande tittel:

Nasjonal Transportplan  
Søknad om å få prioritet i 2. del av planperioden (2014 – 2019) i kapittel 8.3.7  
”Maritim infrastruktur og fiskerihavner” – for Fræna kommune sitt prosjekt:  
”Ut-djuping/ breiing av farleia/ innseglinga til Harøysund fiskerihavn  
og farleia inn til dei sentrale områda i hamna”

Fræna kommune gjennomførte djupnemålingar og grunnundersøkingar i forkant av denne søknaden med støtte; kr. 250.000,- frå Molde og Romsdal Hamn. For vår del hadde vi forstått det slik at dette prosjektet låg inne i Kystverket sine prioriterte prosjekt og venta på gjennomføring. Etter at saka om NTP 2018-2029 var skriven og utsendt fekk vi nyss om at Kystverket, i tillegg til og på eige initiativ, har gjennomført undersøkingar i Harøysund både gjennom eigne undersøkingar, Multiconsult og NTNU. Og det føreligg 3 rapportar:

- Kystverket: Rapport – Forprosjekt Harøysundet fiskerihavn (2013/741)
- Multiconsult: Rapport Harøysundet Grunnundersøkelser – Delrapport (5. november 2014/00)
- NTNU: Brev 04.07.2014 som gjeld undersøking i høve til kulturminnelova

I samandraget av rapporten frå Kystverket heiter det m.a. (Sitat):

#### **«Dagens situasjon/behov**

Fræna kommune er i gang med etablering av Harøysund hamn som større fiskerihavn og utbygging av industriområdene for fiskerinæring. Dette vil medføre behov for økt dybde i innseilingen til havnen for å kunne ta imot større fartøy. Aukra kommune har vedtatt å legge ned Rindarøy fiskerihavn, der Harøysund fiskerihavn vil kunne dekke deres behov. Harøysundet

utvikles for å kunne betjene hele Romsdal, som eineste fiskerihavn i den regionen. Hovedleia som ligger nærmeste er 1131 Julsundet Hovedled, og bileden er 2466 Buasundet Biled.

### **Beskrivelse av tiltaket**

Utdypingsområdet er på cirka 8000 m<sup>2</sup> og skal mudres ned til -8m i henhold til sjøkart null. Kommunen har bruk for overskuddsmasse til utfylling av industriområdene i havneområdet.

### **Mål og virkning**

Den planlagte utdypingen vil føre til at større fartøy også kan benytte denne havn, som er eineste fiskerihavn i Romsdalsområdet. Tiltaket vil forenkle og forbedre adkomsten for både lasteskipene og fiskeflåten i havnen. Utdypingen vil minske risikoen for både sammenstøt og grunnstøting.

### **Konklusjon og videreføring**

Prosjektet bør videreføres der det er viktig for fiskerinæring og som eineste havnen for fiskeri i Romsdal.

Fiskeridirektoratet vurderte det som svært viktig i sine uttalelser (Sitat slutt)

Lengre ute i selve rapporten heiter det m.a. (Sitat):

«2.1 Fremdriftsplan

Tiltaket ligger ikke inne i NTP eller i Kystverkets Handlingsprogram 2014-2023, den ønskes tatt med i første plan del av neste perioden 2018-2023. (sitat slutt)

Kostnaden med prosjektet er under kap. 3.2 sett til kr. 4.040.000,-

I brevet frå NTNU datert 04.04.2014 heiter det til slutt under kapittelet om Harøysundet, Fræna kommune (sitat):

«Omsøkte utbedring i Harøysundet anses etter befaring ikke til å representere fare for konflikt med kulturminner som nevnt i kulturmonneloven.» (sitat slutt)

Næringskonsulenten har hatt samtale med Kystverket v/prosjektleder Catrine C. Grebstad om denne saka og dei seier at dette er i deira samanheng vurdert som eit mindre tiltak og desse vert samla i ein «sekkepost». Ho seier at det ofte, med slike prosjekt er vanskar med å bli kvitt massane ved mudring. Dette er ikkje noko problem her, då det er stor behov for massar til utfylling og det er store areal i hamna for utfylling der det ligg føre godkjent reguleringsplan. Sameleis seier Grebstad at dette er eit relativt rimeleg prosjekt som vil gje stor effekt. Rådmannen vurderer det likevel som viktig å streke under at **Fræna kommune ser der som viktig at prosjektet mudring/utdjuping av innseglinga til Harøysund fiskerihavn får prioritet og vert gjennomført tidleg i NTP perioden 2018-2029 og også i Kystverket sitt Handlingsprogram.**

### **Rådmannens tilråding:**

I tilvising til saksutgreiinga, vil Fræna kommune prioritere følgjande tiltak i Nasjonal Transportplan 2018-2029:

#### 1. Vegtiltak:

1. Ny E39 Lønset –Hjelset
2. Auka rammer til, og eige program for, utbetring av fylkesvegnettet

3. Omklassifisering av fv. 64 Molde – Åndalsnes til riksveg og utbetring av standard
4. E136 Romsdalen
5. Ferjefri og utbetra E39: Ålesund – Molde

2. Hamnetiltak:

1. Mudring/utdyping av innseglinga til Harøysund fiskerihamn

### **Behandling i Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune - 13.06.2016**

Varaordfører Jan Arve Dyrnes satte frem slikt forslag til nytt punkt 3:

*Nasjonal Transportplan for 2018-2029 tar kun hensyn til transportøkonomiske forhold og for lite hensyn til betydningen for verdiskapning. Kommunestyret i Fræna mener at dette momentet burde vært tatt mer hensyn til.*

Ordfører Tove Henøen satte fram slikt forslag som tillegg til punkt 1. Vegtiltak – underpunkt 2:  
...samt gang og sykkelveggar.

Ved avstemminga ble rådmannen si tilråding inkludert de to tilleggene ovenfor stemt over under ett. Et enstemmig Plan og økonomiutval gikk inn for tilrådinga og tilleggene.

### **Vedtak:**

I tilvising til saksutgreiinga, vil Fræna kommune prioritere følgjande tiltak i Nasjonal Transportplan 2018-2029:

1. Vegtiltak:

1. Ny E39 Lønset –Hjelset
2. Auka rammer til, og eige program for, utbetring av fylkesvegnettet samt gang og sykkelveggar
3. Omklassifisering av fv. 64 Molde – Åndalsnes til riksveg og utbetring av standard
4. E136 Romsdalen
5. Ferjefri og utbetra E39: Ålesund – Molde

2. Hamnetiltak:

1. Mudring/utdyping av innseglinga til Harøysund fiskerihamn

1. Nasjonal Transportplan for 2018-2029 tar kun hensyn til transportøkonomiske forhold og for lite hensyn til betydningen for verdiskapning. Kommunestyret i Fræna mener at dette momentet burde vært tatt mer hensyn til.

## **Behandling i Kommunestyret i Fræna - 13.06.2016**

Tilrådinga frå Plan og økonomiutvalet ble enstemmig vedtatt.

### **Vedtak:**

I tilvising til saksutgreiinga, vil Fræna kommune prioritere følgjande tiltak i Nasjonal Transportplan 2018-2029:

#### 1. Vegtiltak:

1. Ny E39 Lønset –Hjelset
2. Auka rammer til, og eige program for, utbetring av fylkesvegnettet samt gang og sykkelveggar
3. Omklassifisering av fv. 64 Molde – Åndalsnes til riksveg og utbetring av standard
4. E136 Romsdalen
5. Ferjefri og utbetra E39: Ålesund – Molde

#### 2. Hamnetiltak:

1. Mudring/utdjuiping av innseglinga til Harøysund fiskerihamn

3. Nasjonal Transportplan for 2018-2029 tar kun hensyn til transportøkonomiske forhold og for lite hensyn til betydningen for verdiskapning. Kommunestyret i Fræna mener at dette momentet burde vært tatt mer hensyn til.